



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Rapport frå tilsyn med samfunnstryggleik og beredskap i Vindafjord kommune 3. og 10. oktober 2016

Tidsrom for tilsynet:

2016

Kommunen si adresse:

Vindafjord kommune, Rådhusplassen 1, 5580 Ølen

Kontaktperson i kommunen:

Beredskapskoordinator Gunnbjørg Nesbu

Fylkesmannen sitt tilsynslag:

Revisor Tage Eriksen og revisjonsleiar Reidar Johnsen

Dato for rapport:

2.desember 2016

Samandrag

Tilsynet er gjennomført med heimel i lov 26. juni 2010 om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelseslova) § 29 og forskrift 22. august 2011 om kommunal beredskapsplikt § 10.

Målet med tilsynet er å undersøke om Vindafjord kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i samsvar med krava i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Fylkesmannen avdekkja tre avvik i tilsynet med Vindafjord kommune.

Avvik 1

Vindafjord kommune sin heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalyse oppfyller ikkje alle krava i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Avvik 2

Kommunen oppfyller ikkje alle krava til eit heilskapleg og systematisk samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid.

Avvik 3

Beredskapsplanen til kommunen oppfyller ikkje alle krava i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Innhald

Samandrag	1
1. Bakgrunn for tilsynet	3
2. Rammer for tilsynet	3
3. Hovudinntrykk	3
4. Resultat frå tilsynet	4
5. Grunnlagsdokument	5
6. Deltakarar i tilsynet	7

1. Bakgrunn for tilsynet

Tilsynet er gjennomført med heimel i lov 26. juni 2010 om kommunal beredskapsplikt, sivilbeskyttelse og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelseslova) § 29 og forskrift av 22. august 2011 om kommunal beredskapsplikt § 10.

Målet med tilsynet er å undersøke om Vindafjord kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i samsvar med krava i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt. Fylkesmannen ville sjå om kommunen i tråd med krava i lov og forskrift hadde:

- ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse)
- eit heilskapleg system for kommunen sitt samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid
- ein overordna beredskapsplan
- øvingar og opplæring for tilsette som har ei rolle i kommunen si krisehandtering
- evalueringar av hendingar og øvingar

2. Rammer for tilsynet

Tilsynet er gjennomført etter prinsippa for systemretta tilsyn. Skriftleg revisjonsvarsle blei sendt 18. februar 2016, og relevant dokumentasjon vart granska før tilsynet. Den 3. oktober var det opningsmøte og intervju med relevante personar i kommunen. Sluttmøtet var 10. oktober 2016.

Denne rapporten handlar om avvik og merknader som er avdekkja under revisjonen. Avvik er manglande etterleving av krav i sivilbeskyttelseslova og/eller i forskrift til kommunal beredskapsplikt. Merknad er funn det er grunn til å peike på for å sikre betring i oppfølginga av føresegnene i beredskapsplikta.

Me gjer merksam på at Fylkesmannen berre undersøker om kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i tråd med lov og forskrift. Tilsynet gir difor ikkje ei fullstendig vurdering av kommunen sitt arbeid med dette.

3. Hovudinntrykk

Vindafjord har laga ein heilskapleg ROS-analyse og har revidert beredskapsplanen etter sist tilsyn i 2012, men kommunen er framleis ikkje heilt i mål med dette arbeidet. Det same gjeld oppfølging av ROS-analysen og eit system for samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet i kommunen. Kommunen har i 2016 laga ein oppfølgingsplan for samfunnstryggleik og beredskap som vil kunne vere eit utgangspunkt for å få på plass eit gjennomgåande system.

Det har vore stor utskifting av kommunalsjefar i rådmannen si leiargruppe sidan sist tilsyn. Det er derfor bra at kommunen bruker Nasjonalt utdanningssenter for samfunssikkerhet og beredskap (Nusb) for opplæring av dei nye i kriseleiinga.

I samband med det auka talet på flyktningar i fjor haust blei det oppretta eit stort akuttmottak i Ølen. Mottaket og det kommunale tenestetilbodet kom raskt på plass, og kommunen har fått gode tilbakemeldingar på deira handtering. Kommunen har også evaluert korleis dei handterte denne situasjonen.

Vindafjord har i hovudsak ikkje vore råka av alvorlege ulykker og ekstremt vær dei siste fire åra. Ekstremvêret Nina i januar 2015 førte til dei største konsekvensane, men sjølv dette førte berre til mindre skader. Kommunen har låg terskel for å samla kriseleninga. Dei fleste bur i nabokommunane og det kan derfor ta tid før dei er samla, spesielt ved stengde vegar. Kommunen har gode varslingsrutinar internt og beredskapsmeldingar frå fylkesmannen blir følgde opp.

4. Resultat frå tilsynet

Fylkesmannen avdekkja tre avvik i tilsynet med Vindafjord kommune.

Avvik 1

Vindafjord kommune sin heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalyse oppfyller ikkje alle krava i sivilbeskyttelseslova, jamfør forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Avvik frå følgjande lov- og forskriftskrav:

Sivilbeskyttelseslova § 14 og forskrift om communal beredskapsplikt §§ 1 og 2.

Utfyllande kommentarar:

- Kommunen sin risiko- og sårbarheitsanalyse er for generell når det gjeld fleire viktige analyseområde som til dømes straum (4.21), vassforsyning (4.12), regn og flaum (5.11) og ras (5.3). Det må kome klarare fram kor sårbar kommunen er og kva område som mest utsette. Dette for at analysen skal vere grunnlag for å velje nødvendige tiltak for å redusere sannsynlegheit, sårbarheit og konsekvensar.
- Det kjem ikkje godt nok fram kva hendingar som kan føre til evakuering og behov for befolkningvarsling.
- Vurderingar for å velje ut akseptable hendingar, uakseptable hendingar og hendingar med særskilt høg risiko blir ikkje godt forklarte eller grunngjevne. Dette gjer analysen lite brukarvennleg som styringsgrunnlag.

Avvik 2

Kommunen oppfyller ikkje alle krava til eit heilskapleg og systematisk samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid.

Avvik frå følgjande lov- og forskriftskrav:

Sivilbeskyttelseslova § 14 og forskrift om communal beredskapsplikt §§ 1, 3 og 9.

Utfyllande kommentarar:

- Vindafjord har mål for arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap i fleire dokument. Me finn mål i oppfølgingsplanen, økonomiplanen, gjeldande kommuneplan, heilskapleg ROS-analyse og i beredskapsplanen. Desse måla er til dels sprikande og det går ikkje fram kva mål som er gjeldande. Fylkesmannen kan heller ikkje sjå at funna i ROS-analysen er grunnlag for kva mål, strategiar eller prioriteringar kommunen har for samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet. Det kjem ikkje fram kvifor hendingane som er tatt med i handlingsdelen i oppfølgingsplanen er valt framfor andre hendingar i ROS-analysen.

- Kommunen kan ikkje dokumentere at dei systematisk har vurdert om funn i den heilskaplege ROS-analysen bør integrerast i planar og prosessar etter plan og bygningslova. Dette kan skyldast at ROS-analysen er lite konkret og derfor ikkje særleg nyttig i samband med dette, og at kommunen har laga eigen analyse for arealplanar.

Avvik 3

Beredskapsplanen til kommunen oppfyller ikkje alle krava i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Avvik frå følgjande lov- og forskriftskrav:

Sivilbeskyttelseslova § 15 og forskrift om kommunal beredskapsplikt §§ 4 og 6.

Utfyllande kommentar:

- Det må gå tydelegare fram kva ansvar og rolle dei ulike personane i kriseleninga skal ha. Døme på dette er ansvarsdeling mellom ordførar og leiar for informasjonstenesta, korleis loggføringa skal gjerast, kven som skal vere leiar for evakuering- og pårørandesenter og kven som er vara for dei ulike personane i kriseleninga.
- Ressursoversikta skal innehalde ei oversikt over interne ressursar. Dette kjem ikkje godt nok fram i beredskapsplanen.
- I evakueringsplanen må det gå fram korleis kommunen konkret vil løyse dei ulike evakueringsoppgåvene som dei kan bli bedne om. Me kan heller ikkje sjå at det er tatt inn i beredskapsplanen korleis kommunen skal varsle innbyggjarane om viktig informasjon (jf. varsling24).
- Plan for krisekommunikasjon med innbyggjarane, media og eigne tilsette oppfyller ikkje krava i forskrifta. Det må i større grad seie noko om korleis krisinformasjonsarbeidet skal vere i praksis, til dømes sentralbodet si rolle, informasjon til eigne tilsette, bruk av nettstad og sosiale media og plan for korleis kommunen aukar kapasiteten til ulike deler av informasjonstenesta ved behov.
- Beredskapsplanen oppfyller ikkje kravet til årleg revisjon. Den er berre oppdatert med namn og telefonnummer. Det er ikkje dokumentert at innhaldet har vore revidert på fleire år.

5. Grunnlagsdokument

Oversikt over dokument som Fylkesmannen har brukt som grunnlag for tilsynet i Vindafjord:

- Organisasjonskart Vindafjord kommune
- Heilskapleg ROS-analyse for Vindafjord kommune av 25. februar 2013, vedtatt i kommunestyret 10. september 2013
- Plan for communal beredskap og kriselening i Vindafjord kommune av 1. september 2016
- Utkast til diverse nye tiltakskort av 24. mai 2016
- Referat frå møter i kommunalt beredskapsråd av 22. april 2015 og 14. juni 2016

- ROS Helse og omsorg per januar 2015
- Helsemessig- og sosial beredskapsplan av januar 2009 og tiltakskort helse og omsorg 2016
- Smittevernplan for Vindafjord kommune av 2014, kontinuitetsplan for kommunal drift ved eventuell pandemi av 29. juli 2009, tuberkuloseplan for Vindafjord kommune (2014) og tiltaksplan ved ebolasmitte av 8. september 2016
- Plan for psykososial støttegruppe 2015-2018
- Beredskapsplan for grunnskule av april 2016
- Internkontrollsysten for kommunal vassforsyning av 4. mars 2015
- Plan for oppfølging av samfunnstryggleik og beredskap i Vindafjord kommune av 18. august 2016
- Årsmelding 2015 Vindafjord kommune
- Økonomiplan 2016-2019
- Planstrategi for Vindafjord kommune 2012-2016
- Kommuneplan 2007-2018, samfunnsdel
- Kommuneplan for Vindafjord 2016-2028, planskildring - høyringsframlegg
- Fylkesmannen sin høyringsuttale til kommuneplan 2016-2028
- Evalueringsrapportar – frå ekstremvêret Synne og beredskapsøving Sandeid fengsel
- Dokumentasjon på at kommunen øvde 8. mai 2012, men ingen evalueringsrapport
- Fylkesmannen sin rapport frå sist tilsyn med samfunnstryggleik og beredskap i Vindafjord kommune, 10. juli 2012
- Diverse kart frå Temakart Rogaland

6. Deltakarar i tilsynet

I tabellen under er det oversikt over deltarar på opningsmøtet, intervju og sluttmøtet:

Namn	Funksjon /stilling	Oppningsmøte	Intervju	Sluttmøte
Ole Johan Vierdal	ordførar	X	X	X
Steinar Skartland	varaordførar			X
Kristian Birkeland	rådmann	X	X	X
Gunnbjørg Nesbu	beredskapskoordinator	X	X	X
Anne Sofie Sandvik	einingsleiar areal og forvaltning	X	X	X
Erik Baust	samfunnsutviklar og fung. leiar for teknisk etat	X	X	X
Øistein Lande Gunnarshaug	kommunalsjef helse og omsorg	X		X
Kristin M. Dahle	personal- og organisasjonssjef	X		X
Liv Kjerstin Tokerud	kommunalsjef oppvekst	X		X
Åsmund Ohm Børretzen	einingsleiar service- og fellestenestar	X	X	X
Ove Eidsheim	økonomisjef	X		X

Frå Fylkesmannen i Rogaland deltok:

- Tage A. T. Eriksen revisor/juridisk rådgivar
- Reidar Johnsen, revisjonsleiar/fylkesberedskapssjef